

From: "haavard.kleiven@roleheita.no" <haavard.kleiven@roleheita.no>
Sent: mandag 1. august 2022 22.57
To: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Subject: "Høringsuttalelse" saksnr 201907275

Mitt namn er Håvard Kleiven, og eg er tidlegare grunneigar ved Raudsjøen og Rauda, og har vore ivrig fiskar både i Raudsjøen og i Rauda. Diverre har fisken i Rauda vorte heilt borte, det skjedde på syttitalet, i løpet av eit par tørkesommarar forsvann siste rest av aurestamma som tidlegare var i Raudsjøen, og som overlevde utsetting av gjedde ved å trekke ned i elva. Dette var nok den stamma som er omtalt på runesteinen på Li, frå ca år 1050, der det står at Eilefer Elg bar fisk til Raudsjøen. Synest nok at NVE her kunne vore meir aktsame med denne stamma, og hatt ei minstevassføring i Rauda.

Skal vi få att ei livskraftig fiskestamme i Rauda må det i det minste bli minstevassføring her, og for oss som fiska fleire fiskemiddager her i løpet av sommaren, både på femti og sekstitallet, så er dette eit stort sakn, og eg vonar at eg på mine eldre dagar på ny skal kunne få fin aure i Rauda.

Eg kan godt ta på meg oppgåva med å sette ut fisk der eg trur det er mest gunstig, men eg må få tilgang til yngel frå eit anlegg.

Beste helsing
Håvard Kleiven.